



## Referat HARDANGER KULTURRÅD fredag 21.06.2024

Tilstades: Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune; Mary Ann Sørheim, Kvam herad; Anne Marit Lekve, Ulvik herad; Else Marie Sandal, Ullensvang kommune (digitalt)  
Adm/Sekretariat Hardangerrådet: Trude L. Rinaldo

Sakliste:

### 1. Regionalt kulturfond Hardanger. Tildeling av utlyste midlar.

		Søknadssum	Tilsagn
1	Rosemaling i Hardanger v/Sverre Strandenes	50 000	
2	Hardanger folkemusikksamling v/Åse Teigland	100 000	30 000
3	Ulvik sogelag v/Hildeborg Dalaker	100 000	
4	Smykkesongar v/Inger-Kristine Rieber	50 000	50 000
5	Ullensvang skulemusikklag 100 år v/Kristin Lothe	30 000	20 000
6	Messen kunstpark v/Solfrid Aksnes	50 000	12 000
7	Hardingfilm v/Geir Netland	50 000	50 000
8	Sentralbadet litteraturhus v/Ingvild Ystanes	50 000	
9	Litteraturbåten Epos v/Marie Pile Svåsand	150 000	
10	Hardingfolk v/Kari Lutro	40 000	40 000
	<b>SUM</b>	<b>670 000</b>	<b>202 000</b>

### 2. Kva skjer i Kultursektoren i Hardangerkommunane

#### Kvam:

Sommaraktivitetar for born og unge i 2 veker i sommar.

Godt samarbeid med kulturskulane og så er det festivalsommar.

Bua skal opna, og ein arbeider med å finna lokale og samarbeidspartnarar.

Fritidskortet er ei vellukka satsing som vert vidareført.

Dialog med VLFK og forprosjekt for Fossesenter i Strandebarm. Knut Markhus er prosjektleiar for forprosjektet.

#### Ulvik:

Ulvik herad er prosjekteigar og har engjasjert Geir Netland som prosjektleiar i arbeidet med formidling og utstilling kring Catharine H. Kølle. På Norsk reiselivssenter i Balestrand blei det juni opna utstilling som fortel ulikt om den unike dama. Ho vert rekna som den fyrste kvinnelege fotturist og den første kvinnelege kunstmålar. Catharine H. Kølle skal visa att i Holmen kulturpark. Det var her ho og familien budde, men huset deira er der ikkje i dag.

Det vert arbeidd med ei utstilling/»skulemuseum» i biblioteket. Gjenstandar, møblar og skulehistorie frå Bagstronda Skule skal formidlast der.

I Holmen kulturpark er det gastronomisk symposium i helga, og elles er det fleir spennande arrangement i vente gjennom sommaren.

24 august markerer Haugesenteret 10 års jubileum. 13.-15.september er det Poesifestival.

**Ullensvang:**

Stor aktivitet i heile Ullensvang kommune. Det skjer veldig mykje i regi av mange aktørar. F.eks stor barn og unge førestilling med "Alice i Eventyrland" v/kulturskulen i Ullensvang. Har starta arbeid med ny kulturmiljøplan for Ullensvang kommune.

**Eidfjord:**

I Eidfjord er det mykje idrett, med Eidfjord Cup denne helga. Så kjem dei faste store Dynafit og Norseman.

Eventyr i parken skal også på i sommar  
Utstilling på galleriet.

**3. Dato for neste møte**

Ikkje bestemt.

**4. Ymse**

Ingen saker på ymse.

Ulvik 21.06.2024

Else Marie Sandal  
Hardanger Kulturråd

Trude L. Rinaldo  
Sekretær